

Brattefjell-Vindeggen Villrein- og Utmarksutvalg

## *Informasjon vedr motorferdsel i samband med villreinmerking*

I samband med at det i 2018 blei sett i gang eit forskingsprosjekt på villrein i Setesdal-Austhei, med eige delprosjekt i Brattefjell-Vindeggen, kan det i 2019 GPS-merkast inntil 8 villrein i kvart av desse to villreinområda (truleg vert det 4-5 stk.). Som følgje av utfordringar med ising på klavane på dei merkte dyra i Nordfjella i 2018, blei all merking utsett. I kjølvatnet av dette er det gjort ei rekke forbetringar både på klavar og oppfølging av dyra, som gjer at ein no er klar for merking i 2019. Prosjektet er under fagleg leiing av Norsk institutt for naturforskning ved Olav Strand, med sekretariat ved Norsk villreinsenter Sør ved Lena Romtveit og Anders Mossing. Prosjektet fekk oppretta eiga styringsgruppe med leiar, på eit konstituerande møte som blei gjennomført 13. februar i Bykle.

Hovudmålet med prosjektet er å lære meir om reinens bruk av skogområde gjennom året og kva beite den søker i desse områda. Dette er særleg viktig kunnskap i eit framtidig perspektiv med klimaendringar og endra livsmiljø for villreinen i Noreg. Nokre av GPS-sendarane som blir montert vil difor bli utstyrt med videokamera som koplar kvart enkelt GPS-punkt (som også er tidfesta) med ein liten filmsnutt. NINA nyttar berre erfarne, kvalifisert personell i arbeidet med merkinga og ein søker å koordinere alt feltarbeid i samarbeid med Statens Naturoppsyn (SNO) og andre lokale ressursar for å sikre god lokalkjennskap og felterfaring frå området.

Instrumenteringa av dyra vil gå føre seg med bruk av helikopter og veterinær, etter same metode som er nytta i alle dei store villreinområda i Noreg sidan ein starta med dette på Hardangervidda i 2001 (sjå [www.villrein.no/forskning](http://www.villrein.no/forskning) for meire informasjon). Dette arbeidet krev tilgang til lågtflyging og landing med helikopter under sjølv merkinga, samt motorisert ferdsel med snoskuter. Det siste gjeld ved fleire høve:

- Ved rekognosering i forkant av merking, for å kartlegge kvar dyra er og kvar ein lettast kan kome til for å merke.
- Under merkearbeidet, for å støtte helikopteret i å halde oversyn over området i merkesituasjonen, kontroll med dyr som akkurat er merka og/eller er skremt av helikopteret, samt kvar dyra tek vegen etter merking. Bakkepatruljar vil vera ei viktig støtte dersom ulike merka dyr tek ulike retningar og treng oppfølging/overvaking medan resten av merkearbeidet held fram.
- Ved oppfølging av merka dyr i felt, resten av tida dei går med halsband.

I tillegg til privatrettslege løyve til motorferdsel har NINA også innhent alle naudsynte offentlegrettslege løyve til både motorferdsel og sjølv merkinga, frå aktuelle kommunar, verneområdestyret, Mattilsynet og Miljødirektoratet.

Innhenting av privatrettslege løyver frå grunneigarane, gjennom villreinutvala, blei gjort i 2018. Då merkinga likevel blei utsett, blei det bestemt i møtet den 13. februar i år at ein skulle ta den same runden på nytt no i 2019. Løyve gitt frå grunneigarar no, må kunne forutsettast at gjeld for heile prosjektperioden 2019-2022.

Då villreinområdet har mange store og små eigedomar med ulike grunneigarar vil ein nytte eit spegelvendt prinsipp for å innhente løyve til motorferdsel. I tillegg til informasjonsmøte i regi av villreinutvalet i forkant av merkinga, bed me med dette om at ***alle som vil motseie seg at det blir nytta motorisert ferdsel med snoskuter, samt lågtflyging og landning med helikopter på deira eigedom til dette føremålet, gjev tilbagemelding innan 1. mars 2019. Meldinga sendast direkte til [lena.romtveit@villrein.no](mailto:lana.romtveit@villrein.no) eller tlf 41515616.***

Du kan få meir detaljert informasjon om prosjektet og arbeidet ved å kontakte Lena Romtveit ved Norsk villreinsenter Sør ([lena.romtveit@villrein.no](mailto:lana.romtveit@villrein.no)).

Ut over dei som motset seg denne aktiviteten, gjev Villreinutvalet med dette løyve til bruk av arealet innom valdområdet til arbeidet, i samsvar med det som er nemnt ovanfor.

For Brattefjell-Vindeggen Villrein- og Utmarksutvalg

Espen Dyrud